

# Detaljregulering for Gulen industrihamn – omtale av endringar i plandokumenta per mai 2024

Det er, på bakgrunn av tilbakemeldingar frå Gulen kommune, gjort fleire endringar i plankart, føresegner, ROS-analyse og forenkla planomtale etter oversendinga den 11. mars 2024. Dei viktigaste endringane er omtalt under.

## Plankart

- Det er teke inn raud støysone for vindturbinen.
- Det er gjort språklege forbetringar/rettingar i teiknforklaringa.

## Føresegner

- Nytt punkt 1.1.4: «Innandørs støynivå i hotellrom og opphaldsrom på hotellet eller anleggsbrakkjer skal vere i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Andre arbeidsplassar skal tilfredsstillje krava til arbeidstilsynet.»
- I punkt 1.3.5 er det lagt til eit nytt siste ledd: «For etablering av vindturbinar gjeld kravet berre naudsynt areal for oppføring og drift av desse.»
- «Vindmølle» er gjennomgåande endra til «vindturbin».
- Punkt 1.3.10 har fått ny ordlyd: «For oppføring av vindturbin, skal avbøtande tiltak som fastsett i konsesjon etter energilova med tilhøyrande detaljplan vere utført eller sikra gjennomført.»
- Nytt punkt 1.3.11: «Ved søknad om byggjeløyve skal det dokumenterast at omsyn til skuggekast frå vindturbin er vareteke for nye bygningar med rom for overnatting, kontor eller opphaldsrom.»
- Punkt 2.1.4: Endra slik at det kan oppførast éin vindturbin på 275 meter, eller fleire vindturbinar på 150 meter. «... over gjennomsnittleg planert terreng» er lagt til.
- Punkt 2.1.8: «... over gjennomsnittleg planert terreng» er lagt til.
- Punkt 2.5.1 og 3.6.1: Tilvisinga til føresegner i detaljregulering for råolje- og petroleumstermialen er presisert for områda IND og KAI.
- I punkt 6.5.1 er det lagt til eit nytt siste ledd: «Utanfor faresona er det ikkje tillate med verksemder som ikkje har tilstrekkeleg sikring mot iskast nærare vindturbinen enn 175 meter.»
- Ny § 6.6 raud støysone for vindturbin, med punkt 6.6.1: «Innanfor støysone H210, raud støysone for vindturbin, kan det ikkje oppførast støysensitive verksemder som kontor eller opphaldsrom utan at det er iverksett tiltak som sikrar at støy frå vindturbinen ikkje overstig krava i forskrift om vern mot støy på arbeidsplassen.»
- § 7.1 med underpunkt 7.1.1: «Føresegnssone» er endra til «føresegnsområde».

## ROS-analyse

- Ei rekke skrivefeil/nynorskfeil er retta.
- Figur 2 er oppdatert i samsvar med endra plankart.

- Kapittel 4.1 risikoidentifisering: Dekningsforhold er teke med i samsvar med kartlegging gjort av Telenor i konsesjonssaka. Trafikktryggleik er oppdatert med omtale av interne vegar.
- Kapittel 5.1 stormflo/havstiging: Omtale av føresegn 2.1.8 er teke med.
- Kapittel 5.2 iskast frå turbin: Oppdatert med omtale av endra føresegn 6.5.1.
- Kapittel 5.3 skuggekast: Oppdatert med omtale av endra føresegn 1.3.10 og 1.3.11.
- Kapittel 5.4 støy: Oppdatert med omtale av støy for arbeidsplassar, og omtale av endra føresegn 1.3.10 og raud støysone med tilhøyrande føresegn 6.6.1.
- Kapittel 5.5 brann i turbin eller nærliggande industri: Oppdatert med omtale av endra føresegn 1.3.10.
- Kapittel 5.7 forureining: Oppdatert med omtale av forureina grunn og forureina botnsediment. Omtale av eksisterande føresegn 1.2.9 om fylling og mudring i sjø.
- Nytt kapittel 5.8 om trafikktryggleik på private vegar.
- Samanstillinga i kapittel 6 er oppdatert i samsvar med nye vurderingar i kapittel 5.

#### **Søknad om endring etter forenkla prosess (planomtale)**

- Det er gjort språklege forbetringar og mindre rettingar gjennom heile dokumentet.
- Framsidebilete er oppdatert i samsvar med nytt plankart.
- Samandrag er oppdatert med omtale av raud støysone og vedtak i Gulen kommunestyre 12.04.24.
- Kapittel 1 bakgrunn: Oppdatert med omtale av vedtaket i Gulen kommunestyre.
- Kapittel 2 søknad om endringar: Oppdatert i samsvar med endringar i føresegner. Omtale av nasjonale forventningar er flytta til kapittel 3.
- Kapittel 2.1 føresegner: Oppdatert i samsvar med endringar i føresegnene.
- Kapittel 2.2 plankart: Figurar er oppdaterte i samsvar med endring i plankart (raud støysone) og det er lagt inn forklaring av endringane i figurane. Omtale av raud støysone for vindturbin er teke inn. Ny figur som viser iskast, og oppdatert omtale. Det er elles gjort nokre forbetringar og presiseringar i teksten.
- Omtale av internt vegsystem er oppdatert under «opprydding i plankart».
- Kapittel 2.3 verknader/konsekvensar av endringa: Oppdatert med omtale av støy for arbeidsplassar og føresegn om iskast og skuggekast. Tabell med forslag til tiltak i ROS-analysen er oppdatert.
- Kapittel 2.4 andre opplysningar: Omtale av «oppryddingsplanen» er oppdatert.
- Kapittel 3 vurdering etter kriteria for forenkla planprosess: Omtale av vedtaket til Gulen kommunestyre og noko oppdatert tekst om føresegner om iskast, støy og skuggekast.